

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 24.02.17

Vår ref. 165/17/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref. 16/882-17/164

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

Att: John Raknes

E-mail

**RADØY, TOSKA, SKÅRNESVIKA – DETALJREGULERING NAUST OG SMÅBÅTHAMN  
43/4 M.FL.**

Viser til Dykkar brev av 23.01.17, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.

Eg har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag, men har ikkje fått merknader.

**Generelle merknader**

Generelt vil ein bemerke at område som blir nytta til fiskeri blir pressa frå mange ulike hald t.d.

- oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces),
- vindmøller til sjøs,
- reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebyggjer, ankringsområde, m.m.),
- ankring/verksemd i sjø
- avlaups-/vassleidningar i sjø,
- kablar i sjø
- fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein peike på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene.

I tillegg har ein m.a. reguleringar i fisket å halde seg etter.

Fiskarane skal tross alt leve av fisken dei får opp av sjøen, og det er derfor viktig av fiskeri-/gyteområda o.l. blir ivaretatt.

Ein vil gjere merksam på at kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i slike samanhengar.

Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser i planprosessar.

Ein må òg ha med seg at framtidige generasjonar òg må kunne få tilgang til kystsona.

### Skårnevika

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert gyrefelt i/ved reguleringsområdet.

Ein vil gjere merksam på at kysten utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Våre viktigaste gyteområde, oppvekstområde og fiskeområde ligg her. Sjømatnæringa og Regjeringa har ein felles visjon om at Norge skal bli «verdens fremste sjømatnasjon». For å oppnå dette er ein heilt avhengig av et godt havmiljø med reine og produktive sjøområde, noko som er avgjerande for kvalitet, mattryggleik, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat.

I den samanhengen vil ein vise til at det finst to viktige publiseringar kring temaet småbåthamner. Den eine er NGI-rapport "*Kartlegging av forurensing i utvalgte småbåthavner i Norge*" (TA-2751/2010), som viser at småbåthamner forureinar grunnen og sjøbotn, og at spyling og vedlikehald av skrog er den største kjelda.

CIENS-rapport: 2-2011 " Helhetlig planlegging og utvikling av miljøvennlige småbåthavner. Kunnskapsstatus" gjev ei rekkje råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåthamner kan avgrensast.

Det er spesielt viktig å hindre forureining frå området når det ligg ved eit gytefelt. Arbeid i sjø bør ikkje føregå i gyteperioden. Ein føreset at eventuelle fortøyingar føregår innafør reguleringsområdet.

Med helsing  
Fiskarlaget Vest

  
Britt Sæle Ingebø

Kopi; Nordhordland Fiskarlag  
Fylkesmannen i Hordaland  
Fiskeridirektoratet region Vest



FISKERIDIREKTORATET

